

Vestlandshus Mjelde AS  
Derek Andersen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2387 - 16/35171

Saksbehandlar:  
Rune Kilen  
Rune.Kilen@lindas.kommune.no

Dato:  
28.12.2016

## Svar på søknad om endring av gitt løyve for avkjørsel - gbnr 137/645 Alver

Vi viser til Dykkar søknad om endring av gitt løyve, blankett 5168, datert 22.12.2016, felles synfaring den 21.12.2016 og vår epost av 22.12.2016. Vegavdelinga handsamar berre avkøyrsla i søknaden.

Grunna endra forutsetnadar vert vedtak frå 06.12.2016 erstatta av nytt vedtak.

### Vedtak:

Avkjørsla vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Dreneringskanal med rist ( Aqua drain ) med god kapasitet 2-3 meter opp i avkøyrsla som fanger opp overflatevatn frå den private vegen og leier dette ned mot grøft i sør-aust. Spesielt viktig viss den private vegen får fast vegdekke opp mot huset. ( i dag er overflata med grus drenerande )
- Langvillig ( ca 1 m ) asfaltert holkile i overgang mellom kanten på det kommunale vegdekket og avkøyrsla, slik at evt overvatn som ikkje vert fanga opp av dreneringskanalen og/eller overvatn frå den kommunale vegen vert fanga opp og leda ned i grøft.
- Den geometriske utforminga ( svingradius og sikt ) meiner eg er god nok til å gje godkjenning viss innerkurva ( mot mur ) i nordre del av avkøyrsla får ein meir definert avslutning ( støyp eller stein )

Vi understrekar at dette er eit enkeltvedtak som ikkje gjer føringar for andre tilsvarande tiltak. Dette er eit spesialtilfelle og grunngjevinga er gitt i vår epost frå 22.12.2016.

Det er med heimel i Veglova § 40-43, forskrift om alminnelige regler for bygging og vedlikehold av avkjørsler frå offentlig veg, og vegnormal N100 at Teknisk drift set krav til avkjørsle frå kommunal veg.



**Klage:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Rune Kilen  
Avdelingsleiar vegavd

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Atle Dingen

Benjamin Hicks

Eivind Sjursen og Linda Hugvik

Linda Folkestad

Siril Therese Sylta

Nedre Alver 25 D 5911

ALVERSUND

**Mottakarar:**

Vestlandshus Mjelde AS